



DEN NORSKE KYRKJA

ÅRSMELDING FOR OPPHEIM SOKNERÅD 2025

1. SOKNERÅDSARBEIDET

1.a Soknerådet og tilsette 2025 Hovudsaker i 2025:

Uforutsette hendelser i 2025

- Reperasjon av takskader etter stormen «Amy» både på Kirken og på Kyrkjestova ble utført av Seimen AS og var en forsikringssak.
- Det har ikke vært utført vedlikehold av kirken som maling, utskifting av råde eller lignande i 2025

Soknerådet har i 2024 vore samansatt slik:

Leiar: Heidi Hisdal. Redaksjonensmedlem i kyrkjenytt

Nestleiar: Terje Nordanger

Kasserar: Gerd Ingrid Dukstad Hope. Representant
Trusopplæringsutvalet

Medlem: Christine Kalsås. Representant for Kyrkjestova
Ragnhild Winther

Skrivar Jan-Ove Nordvik. Representant Voss kyrkjelege fellesråd

1.vara	Brit Iren Tveite
Vara	Sylvi Nedkvitne
Vara	Frode Herheim
Vara	Stig Atle Ure
Geistleg repr.:	Arnulf Sandvik

Dei tilsette og frivillige for 2025 har vore:

Organist – 30% stilling	Ellen Marie Selland Geithung
Kyrkjetenar – tilsett på timar	Trond Olav Neteland (+ Vinje sokn)
Kyrkjeverje:	Svein Tøsse
Revisor:	Margun Blikkberg Nordgård Anne Marit Hauge
Klokkarlag – frivillige	Per Anders Tveite Leif Inge Hauge Tanja Gilbakken Ruth Taule Gerd Ingrid Dukstad Hope

Møte, kurs og representasjon

- Det har vore halde 8. soknerådsmøter. Og det vart handsama 34 saker saman med Vinje sokneråd.
- Kyrkjelyden sitt årsmøte for 2024 vart halde i Oppheim Kyrkje rett etter gudstenesta i 15. juni 2025. Jan-Ove Nordvik las årsmeldinga og Gerd Ingrid Dugstad Hope las årsrekneskapen.
- Årets fasteaksjon var 8. april. Det kom inn kr. 13.164.- som gjekk til Kirkens Nødhjelp «Håp i en dråpe vann». Det er 7550 kr mer enn året før. Konfirmantar, foreldra og soknerådene i Oppheim og Vinje stod for innsamlinga og oppteljing. Takk til alle som støtta aksjonen.
- Kyrkjegardsdugnaden vart halde onsdag 14. mai både her på Vinje og på Oppheim. Soknerådet var til stades og deltok. Dei stilte også med kaffi og kaker. Voss Hagelag og Hageland på Voss stilte med sal av plantar og jord. Dugnaden var lyst ut på førehand. Det møtte ca 20 stk her på Oppheim.
- Internt val 2024 – styret for Oppheim Sokneråd gjorde følgande endringar: Christine Kalsås gikk av som leder. Ny leder er Heidi Hisdal .
- Stølsmess i Tjødnehovden vart arrangert søndag 24. august. Oppheim sokneråd deltok på dugnad her saman med Vinje sokneråd og familien Sundsvoll. Vi vil takke Sigurd Sundsvoll med familie som stiller med plassen. Sokneråda stod for maten, og selde både betasuppe, rømmegraut, dravle, kaffi og kaker. Det var ca 90 til stede

- 26. Oktober vart det halde gudsteneste for Gullkonfirmantane. Det møtte 17 stk til gudsteneste i Oppheim kyrkje, med fest samkoma på Helgatun etterpå.
- I 2025 fortsatte me med kyrjekaffi, som eit sosialt tiltak for kyrkjelyden vår. Soknerådsmedlemene har meldt seg frivillig til å ta arbeidet med dette.
- Soknerådet er på Facebook, og har 465 fylgjarar. Der deler me info om komande arrangement og gudstenester. Sida deler me med Vinje sokneråd.

Reparasjonar og vedlikehald

Kyrkja har fortsatt behov for maling reparasjon av diverse små råteskader. Her er det i løpet av 2025 ikkje gjort noko arbeid, og det handlar utelukkande om økonomi. Det er gitt beskjed om at vi må spesielt se til taket da vi ikke lengre kan stole fullt ut på at taksteinene blir liggande grunnet is og snø. Dette er ordrett fjordårets bemerkninger desverre.

Tilskot

I 2024 fekk me tildelt kr. 60.000 frå stiftinga Lars og Gudrun Kjønnagaardsstiftelse. Av desse var 14.100 kr til konfirmasjonsleir kr 21.180.-, kr til projektor i Oppheim kyrkje, 14.100 kr til kyrkjemusikalsk arbeid og honorar i tillegg til 10680.- kr til fredagsklubben.

2. KYRKJELYDSARBEIDET

2.a Gudstenester og kyrkjelydsturar

Det har vore gjennomført 16 gudstenester i Oppheim sokn.

2 av gudstjenestene har vært gjennomført utenom kirken, begge i samarbeid med Vinje Sokn

Det har vært gjennomført 12 andakter på institusjoner i Soknet

Det har vært gjennomført 2 vigslar

4 ble konfirmert i soknet, i samarbeid med Vinje Sokn ble det utført konfirmasjonsgudstjeneste i Oppheim kyrke

Det har vært utført 4 gravferder i 2025

Det har vært utført 5 dåpsgudstjenester i 2025

2.c Barne- og ungdomsarbeid

T-dagar og anna barne- og ungdomsarbeid.

Trusopplæringa har endra namn til Kirkelig undervising og læring (KUL). Dette gjeld for heile landet. Me held likevel på omgrepet T-dagar, då dette er godt innarbeida i bygdene våre.

I 2025 har me hatt denne bemanninga innafor undervising i Voss Kyrkjelege fellesråd:

- Kateket Rønnaug Skjeldal (100 %),
- Kyrkjelydspedagog Camilla Margareta Velsvik (100%).
- Åshild Bøe Karazmi har vore tilsett i 30 % inn mot Mini-Midi Sing, samt 20% fast stilling innan Kirkeleg undervising og læring.

I tillegg er mange av dei andre tilsette med i Kirkeleg undervising og læring. Me har vore prega av sjukemeldingar blant dei tilsette dette året.

Me har gjennomført desse trusopplæringsdagane i 2025:

- Dåpsamtale og dåp: 6 born vart døypt i Oppheim sokn.
- T1 Babysong: 8 born= 133% av årskullet.
- T2 Krølletreff: Avlyst grunna sjukdom.
- T3 Undretur: 1 born= 50 % av årskullet.
- T4 Utdeling av barnebibel: 2 born= 100 % av årskullet.
- T5 Julekrubbeverkstad: 5 born= 56 % av årskullet.
- T6 Heilt førsteklasses: 3 born= 50 % av årskullet.
- T7/T8/T9 Trylleshow med Ruben Gazki: Tema: Jesus mettar 5000: 6 born= 43 % av årskullet.
- T10 Kristuskransen: 3 born= 50 % av årskullet.
- T11 Lys Vaken: 3 born= 100 % av årskullet.
- T12/T13 Miljøagentar: 6 born= 50 % av årskullet.
- T14 Intro til konfirmasjonstida: 3 ungdomar= 100 % av årskullet
- T15 Konfirmasjon: 4 ungdomar= 80 % av årskullet.
- T16 Milk. Ingen frå Oppheim deltok. Samarbeid med resten av sokna i Voss.

Årskull = døypte born, medlemer i kyrkja (ikkje alle born som er fødd i året).

Tala som her er førte er born frå Oppheim sokn. Vinje sokn er ført for seg sjølv.

Vossestrand barnekor

Barnekoret hadde 33 samlingar. Det var 8 born frå Oppheim som møtte.

Fredagsklubben

Fredagsklubben hadde 11 (44 timar) samlingar. Det var i snitt 15 born frå Oppheim som møtte.

Refleks Ten Sing

Refleks hadde 41 samlingar. Det var ingen ungdomar frå Oppheim som møtte.

Julevandring for barnehage

Det var 7 born frå Hauge barnehage som møtte og 9 born frå Sunde FUS barnehage.

FREDAGSKLUBBEN av Anja Kristin Slåtten

Årsmelding Vinje og Oppheim sokn 2025

Fredagsklubben

Diakonmedarbeider Anja Slåtten i 20% stilling (Fredagsklubben og konfirmantarbeid på Vossestrand)

Fredagsklubben: Fredag kl 18 – 22.00 i Kyrkjestova på Oppheim. Ein gong i månaden samlast 4. – 10.-klasse. Me har valt å dele gruppa, så dei yngste, 4-6.klasse kjem kl 18.- 20.00, og 7.-10.klasse frå kl 20.- 22.00. Det har vore 11 samlinger i 2025. Programmet varierer litt, men det som er fast er:

- Alle vert møtt i døra og ynskt velkomen, så legg dei mobilen i ei korg (mobilfritt arr.)
- Frileik fram til andakt og mat ca 18.45
- Samling rundt bordet der me først har andakt, så syng me bordvers før me et. Det er forutsigbart og har fungert godt.
- Lykkehjulet er veldig populært – og me har små premiar som gevinstar

Me har hatt besøk av Sara Hansen (pastor i Salt), John Ove Thaule, bygdekvinnelaget og Ann Kristin Riise (ifm misjonsprosjektet 4P) i løpet av året. Stor takk til dykk.

På eldste gruppa gjeld stort sett det same, men dei føretrekk å spele bingo etter andakt og mat, ein aktivitet dei organisera sjølve.

Elles har me handarbeidkrok og eit variert utval av ulike spel og aktivitetar i 1. og 2.etasje.

Fredagsklubben var gjenoppstarta i 2023 med god hjelp økonomisk frå Kjønnegardstiftinga, Voss sparebank og soknerådet og Voss kyrkjelege fellesråd.

Om me skal ta gjennomsnitt er det gjerne 30 som møter fram kvar gong, nokon gonger fleire og andre gonger færre, men sjeldan færre enn 20.

Me er uendeleg takksame for Marta Jorunn Almeland Kvamme, Anita Halrynjo Lunde og Ragnhild Bystøl som trufast stiller opp og lagar mat til heile gjengen, tusen takk!

Og tusen takk til alle foreldre og besteforeldre og andre som er med som vakter desse kveldane! Me er avhengige av minimum 8 vaksne på kvar samling for at det skal vere ein trygg plass for borna å vere, inkludert kjøken. På eldste gruppa kan me vere litt færre vaksne. Det er ein trufast gjeng å samarbeida med.

Fredagsklubben støtter misjonsprosjektet 4P «ForPeople». Det er ein norsk/filippinsk organisasjon basert på kristne verdier. Visjonen deira er: «Finn dei, hjelp dei og styrk dei til ei betre framtid.» Dei arbeidar mykje i slumstrøka og byggjer barneheimar. Fredagsklubben sender leiker og kle med ein representant frå 4P ein eller to gonger i året. Og me er so takksame for alle fine sommarklede, sko og leiker ungane/ungdommane på Fredagsklubben har samla inn. Me får tilsendt bilete, som me viser på Fredagsklubben. Me har fått fine bilete av borna med gåvene i hendene sine, kort dei har skrevet til fredagsklubben, samt avbilda med klede som er sendt. Dei skal me visa no i februar.

Anja Slåtten organisera og leiar samlingane saman med Gro Samland.

2.e Konfirmasjon og konfirmantleir

Det var 12 konfirmanter i fjor, av disse tilhører 4 Oppheim sokn i 2024. Konfirmantene reiste på konfirmasjonsleir til Hermon høy-fjellssenter 28.-30 mars. Dette er ei viktig kombinasjon av undervisning og sosial aktivitet som vonaleg er et varig minne fra konfirmanttida. John Ove Thaule og Anja Slåtten var med som ledere.

2.f Kyrkjelydsbladet

I 2025 er det gitt ut 4 nummer av Kyrkjelydsbladet. Representant frå Oppheim sokn har vore Heidi Hisdal.

TENESTER FOR KYRKJELYDEN

Dåpskjole. Oppheim sokneråd har dåpskjole til gratis utlån for alle born tilhøyrande Vossestrand.

Heidi Hisdal
leiar

Rekneskap konfirmantkonto 3578.16.04079, Oppheim sokn 2025

Inntekter		2025		2024
Ofringar	kr	15 247,60	kr	19 194,65
Renter	kr	181,00	kr	191,00
Sum inntekter	kr	15 428,60	kr	19 385 ,65

Utgifter

Varekjøp	kr	1 332,65	kr	1 240,99
Undervisningsmateriell	kr		kr	700,00
Gullkonfirmanter, middag	kr		kr	825,00
Tilbakeført til Vinje sokn, dobbel ofring	kr		kr	7 752,75
Sum utgifter	kr	1 332,65	kr	10 518,73

Resultat:

Sum inntekter	kr	15 428,60	kr	19 385,65
-Sum utgifter	kr	1 332,65	kr	10 518,73
= Overskot/underskot	kr	14 095,95	kr	8 866,92

Saldo pr. 31.12

Inngående saldo 01.01	kr	42 671,44	kr	33 804,52
+/- Årets overskot/underskot	kr	14 095,95	kr	8 866,92
Utgående saldo 31.12	kr	56 767,39	kr	42 671,44

Rekneskap brukskonto 3578.31.19232, Oppheim sokn 2025

Inntekter:		2025		2024
Ofringar til eigen kyrkjelyd, lydanlegg og projektor	kr	5 198,35	kr	8 727,72
Ofringar til konfirmantarbeid	kr	7 860,10	kr	5 478,75
Ofringar til kyrkjemusikalsk arbeid, kor	kr	1 108,12	kr	1 929,00
Ofringar til fredagsklubben	kr	4 068,02	kr	2 996,35
Ofringar til andre føremål	kr	12 350,75	kr	13 713,90
Fasteaksjon 2025	kr	13 164,00		
Klokkarløn	kr	7 186,00		
Tjødnarhovden stølsmesse	kr	147,75	kr	6 200,50
jubileumsboka, sal	kr	150,00	kr	197,00
1/2 betaling frå Vinje sokn, fellesutgifter	kr		kr	11 562,73
Støtte frå LGKS for lydanlegg			kr	18 750,00
Feil innbetaling Entercard, privat			kr	2 000,90
Overført frå legatkonto Vinje til lydanlegg	kr	31 500,00		
Vipps, diverse	kr	1 776,75		
Renter	kr	332,00	kr	477,00
Sum inntekter	kr	84 841,84	kr	72 033,85
Utgifter:				
Oppgjorde ofringer	kr	25 386,99	kr	23 510,40
Oppgjort Fasteaksjon 2025	kr	13 164,00		
Tjødnahovden stølsmesse	kr		kr	8 093,23
Varekjøp	kr	1 840,39	kr	2 348,53
Brudebibel og barnebibel	kr	1 696,00	kr	1 940,00
Blomar og blomehelsingar	kr	7 415,40	kr	3 953,55
Betalt ½ fellesrekning til Vinje sokn			kr	394,00
Deltaking gullkonfirmantar 26.10.25	kr	1 400,00	kr	1 125,00
Feil innbetaling Entercard, privat			kr	2 000,90
Kjøp av kunstig joletre			kr	18 226,00
Lydanlegg	kr	62 385,65		
Sum utgifter	kr	113 288,43	kr	61 591,61
Resultat				
Sum inntekter	kr	84 841,84	kr	72 033,85
Sum utgifter	kr	113 288,43	kr	61 591,61
=Utgifter/underskot	kr	- 28 446,59	kr	10 442,24
Saldo pr 31.12				
Inngåande saldo 01.01	kr	96 135,76	kr	85 693,52
+/-Årets overskot/underskot	kr	-28 446,59	kr	10 442,24
Utgåande saldo 31.12	kr	67 689,17	kr	96 135,76

Rekneskap Fredagsklubben 3578.50.29400, Oppheim sokn 2025

Inntekter:		2025		2024
Ofringar	kr	4 068,02	kr	4 444,35
Gåver / støtte	kr	10 620,00	kr	17 500,00
Renter	kr	1 912,00	kr	1 605,00
Sum inntekter	kr	16 600,02	kr	23 549,35

Utgifter:				
Varekjøp mat	kr	6 205,59	kr	5 622,89
Varekjøp utstyr	kr	6 351,19	kr	7 493,60
Kjøp fryser			kr	995,00
Gåver/blomar/ gevinstar	kr	6 421,30		
Sum utgifter	kr	18 978,08	kr	14 111,49

Resultat:				
Sum inntekter	kr	16 600,02	kr	23 549,35
-Sum utgifter	kr	18 978,08	kr	14 111,49
= Overskot/underskot	kr	- 2 377, 06	kr	9 437,86

Saldo pr. 31.12				
Inngående saldo 01.01	kr	60 420,60	kr	50 982,74
+ /- Årets oveskot/underskot	kr	- 2 377,06	kr	9 437,86
= Utgåande saldo 31.12	kr	58 043,54	kr	60 420,60

Rekneskap kyrkjestova 3578.60.28319, Oppheim sokn 2025

Inntekter:		2025		2024
Leige	kr	3 000,00	kr	5 000,00
Sal av talarstol og altertavle			kr	5 000,00
Gåve til projektor, Voss sparebank			kr	10 000,00
Renter	kr	817,00	kr	698,00
Sum inntekter	kr	3 817,00	kr	20 698,00

Utgifter:				
Overført til tomte konto 3578.50.37128	kr		kr	10 000,00
Sum utgifter	kr	0,00	kr	10 000,00

Resultat:				
Sum inntekter	kr	3 817,00	kr	20 698,00
Sum utgifter	kr	0,00	kr	10 000,00
= Overskot/underskot	kr	3 817,00	kr	10,698,00

Saldo pr.31.12

Inngående saldo 01.01	kr	26 615,08	kr	15 917,08
+/- Årets overskot/underskot	kr	3 817,00	kr	10 698,00
Utgående saldo 31.12	kr	30 432,08	kr	26 615,08

Oppheim sokn 2025

Saldo pr 31.12		2025	2024
3578.16.10540	Oppheim gamle kyrkjegard	9 681,84	9 408,84
3578.50.33173	Jordalen kapell	5 556,22	5 400,22
3578.50.37128	Oppheim sokn, tomtsal	171 199,38	165 507,38

Rekneskap Oppheim sokn 2025

- **Brukskonto**

- **Konfirmantkonto**

Felles med Vinje sokn, Oppheim disponerer den.

- **Kyrkjestova**

- **Fredagsklubben**

- **Tomtesalkonto**

- **Oppheim gamle kyrkjegard**

- **Jordalen kapell**

- **Strandaklang**

Felles med Vinje sokn, Vinje disponerer den.

- **Kyrkjemusikalsk konto**

Felles med Vinje sokn, Vinje disponerer den.

- **LGKS – konto**

Legatkonto felles med Vinje sokn, Vinje disponerer den.